


Forbundet
KYSTEN



Åreblad

Forbundet
KYSTEN



NR 1 2010 – INFORMASJON FRA HORDALAND FYLKESKYSTLAG – 17.ÅRGANG



Foto: Forbundet KYSTEN

Ta din åre fatt! Forbundet KYSTENS rokampanje er i gang. Se side 3.

Hilsen fra leder	2
Stor aktivitet i Rognan	3
Tysnes Rundt 2010	5
Hordatreff 2010	7

Oldefarbåten skal heim!	9
Brenn for fjordkulturen	13
Hordaland kystled	14
Aktivitetskalender	15

Hilsen fra lederen

Jeg vil igjen få takke for tilliten idet jeg tar fatt på et nytt år som leder av Hordaland Fylkeskystlag.

Vinteren har vi vært opptatt med inneaktiviteter og møtevirksomhet. Lokallagene har hatt årsmøter; valgt styre for i år og lagt arbeidsplaner.

Endelig er våren her! Fjæra er våknet til liv, lerka jubler høyt i sky; og båtene er kommet ut av naustene og på sjøen. Vi gjør oss klar til årets hovedtema; "Ta din åre fatt".

Forbundet KYSTEN har også lagt opp til konkurransen "Den gylne åre". Konkurransen har flere kategorier;

Ro lengst mulig og de som har rodd flest turer uavhengig av lengde kan være med. Begge kategorier er for gammel og ung. Kystlag, foreninger og enkeltpersoner konkurrerer om å vinne "Den gylne åre".

Saltdal Kystlag ble første kystlag som arrangerte tilbud om Roknappen. 40 personer gjennomførte ferdighetsprøven i roing i Rognan under åpningen av Forbundet KYSTENs rokampanje. Flere av kystlagene har lagt inn aktiviteter som roknappen og kapproing på sine arrangementer denne sommeren.

Bergen Kystlag inviterer til Hordakysttreff 11.-13.juni. Da skal vi møtes, ro og hygge oss sammen.


Lørdag 12.juni er "kystens dag"; og Torgdag i Bergen. Vi skal møtes; ro inn til by'dn; og kose oss hos Bergen Kystlag i Sandviken med båter, roing, sang og musikk!

Velkommen til en sommer i fjæra og robåten!

Ro, Ro, Ro din båt - Ta din åre fatt!!

Hilsen *Anne Margrete*

Fortøyningsmerkeprosjektet



På årsmøtet til Hordaland Fylkeskystlag i februar ble det vedtatt å avslutte første runde av fortøyningsmerkeprosjektet

denne sesongen. Dvs. at de midlene vi har fått fra Kystverket skal fordeles i år.

Vi ber derfor dere som ennå ikke har sendt inn rapport om arbeidet dere har gjort, sender dokumentasjon til John Olav Andreassen, Øvre Kleppevegen 130, 5300 Kleppstø (Mob 900 78 448) eller på mail til joandre@broadpark.no.

Det vi vil ha av dokumentasjon er først og fremst stedsangivelse (navn, koordinater, avmerking i kart osv), bilder og gjerne oversikt over utgifter.

Og det er fortsatt tid for dere med store planer til å sette dem ut i livet. Vi har satt fristen for innsending av dokumentasjon til oktober 2010.

Da vil vi fordele midlene.

Stor aktivitet i Rognan!

Opning av Forbundet Kysten sin rokampanje.

Me, medlemmar i Kysten frå Lista i sør til Finnmark i nord, var på Kystlagsseminar i Rognan 9.-10.april.

Fredag: Presentasjon av oss alle og gjennomgang av Kystlagslagsundersøkelsen + sosialt samver med lang og hyggjeleg middag.

Det er spennande å møte så mange med stor felles interesse i båt - og kystkultur!


Laurdag morgon skulle det STORE skje! Fyrst fekk me innføring i Forbundet sin rokampanje: "Roknappen" - dugleiksprøve i roing og "Den gylne åre" – konkurranse i å ro langt og mange turar.

Vidare ein innføring i Forbundet sitt andre store prosjekt: "Trygg i tradisjonsbåt".

SÅ UT PÅ BRYGGA i Rognan: i litt tåke og regn foretok forbundsleiar Arne Andreassen den offisielle opning og start av rokampanjen!

Ta din åre fatt!

Me døypte og sjøsette ein flott ny nordlandsbåt - bygd for å vere spesielt god å ro - av båtbyggjar Kai Linde, Saltdal.



Ein kar frå Stokmarknes hadde bestilt denne båten og ville no ro heim – ein vakker båt som verkeleg sklei gjennom sjøen. Morosam start på rokampanjen: Hell og lukke!


Narvik kystlag demonstrerte redningsøvingar i og utanfor tradisjonsbåt: korleis få kvelvt båt snudd, tømte han og kome seg vidare med alle om bord? Det heile gjort med mykje humor.

Så kunne alle få ta roknappen. Opplegget er retta mot barn og unge, men alle kan delta. Gode nordlandsbåtar vart nytta. Me, deltakarane på seminaret, klarte å ta prøven! Me instruerte ivrige barn og unge frå lokalsamfunnet i roing slik at dei klarte krava til roknappen.


"40 tok Roknappen i Rognan" står det på nettsida til Forbundet/www.kysten.no.

"Dermed ble Saltdal Kystlag første arrangør av forbundets ferdighetsprøve i roing.

Den arrangør som har fått flest til å bestå Roknappen får en premie på kr. 5.000,-. Målet er at minst 2010 personer gjennomfører ferdighetsprøven i roing i år."



Tora Merete Bakke fra 4H var første deltager som tok Roknappen. Her viser hun stolt frem Roknappen og diplom. Foto: Per Hillesund.



Den eine delen av Rokampanjen er dugleiksproven, her er krava (teke frå nettsida til Forbundet).

Målet må òg vere at barn og ungdom / alle skal lære å ro og oppdage at dette er ein fin måte å kome fram på, feriere på og vere ute i naturen på.


Me diskuterte ein del: korleis vil lokallaga leggje til rette og gjennomføre Rokampanjen gjennom øving og praktiske opplegg? Er det ein idè å leggje opp til at barn og unge kan ta Roknappen på Kysten sin dag, 9.juni?

Den andre delen av Rokampanjen er ein konkurranse som kallast "Den gylne åre". Kystlag, foreningar og enkeltpersonar kan konkurrere om å ro lengst mogleg og ro flest turar, uavhengig av lengde – gamle og unge. Ein kan få ein liten folder/dagbok til å føre opp alle turar og lengde.

"Fem premieringer: (teke frå nettsida til Forbundet)


1. Til den person som har rodd flest turar i løpet av sesongen.
2. Til det kystlag/forening som samlet har rodd flest turar i løpet av sesongen.
3. Til den person som har rodd flest antall nautiske mil i løpet av sesongen.
4. Til det kystlag/forening som samlet har rodd flest antall nautiske mil i sesongen.
5. Til den arrangør som har fått flest til bestå "Roknappen".

Roknappen — følgende øvelser må bestås:




Øvelse 1: Forberedelser

La på gulekjen flytevest før du går i båten. Vis at du kan tre riktig i båten. Sjekk at det er øsekar og ekstra åre om bord. Kontroller at kopperfolle pinner/aregaffel er i orden.




Øvelse 2: Presisjonsroing

Båten skal ro. Den skal limes i rett retning fra startpunktet og mot angitt bøy og treffe denne.




Øvelse 3: Presisjonshandling/skåting

Båten skal handles/skates. Den skal roes i rett retning fra startpunktet og mot angitt bøy og treffe denne med akterenden.




Øvelse 4: 360 graders rotasjon

Båten skal rotes 360 grader med roeren som sentrum i rotasjonen.



Øvelse 5: Båten skal ro i 8 tall rundt bøyene

Deftageren skal utføre minst tre runder.



Øvelse 6: Legge til brygge/fortøyning

Båten skal ro til brygge eller trekkes opp på land. Deftageren skal vise minst tre fortøyningsrikk, dobbel halvrikk og palestrikk er minstekreiv.

Alle som har rodd mer enn 10 turar eller 10 nautiske mil får tilsendt diplom og pin. Sesongen varer fra 15. april til 31. oktober."

Materiell:

Informasjon/brosjyrer, diplom og sjølve roknappen vert sendt ut til alle lokallag i næraste framtid.

Alt dette er god informasjon me fekk på seminaret.

Elles hadde Tom T. Græger eit engasjerande innlegg om korleis ditt kystlag kan bli sett i redaksjonane og lokalpressa. Gruppearbeid etterpå.

Det er svært aktuelt å få omtale og informasjon ut til folk. Her kan me bruke rokampanjen og kva me kan gjere lokalt for å aktivisere folk og ev. få nye medlemmar. Me vil jo gjerne at andre skal få lære og vere med å dele gleder i båt, i naust - langs fjord og kyst. Hav og land kan òg gå hand i hand. Stor tankeutveksling og mange idèar.

Søndag vart me rivne med av Kai Linde: *Livet i Rognanfjæra før og no*, foredrag med ei spennande og lærerik vandring gjennom slipp, historisk motorverkstad og Kai Linde sitt gamle og nye båtbyggjeri.

Takk for ei inspirerende helg med inspirerende menneske!

Cecilie Bugge,

Indre Sogn Kystlag




Kai Linde sine båtar

Velkommen til Tysnes rundt 2010



Starten på Tysnes Rundt, Årbakka.



TURINFORMASJON:

Frammøte på Årbakka fra kl 1630 fredag, 16. juli. Det er ønskeleg at de kjem så tidleg som mogeleg p.g.a. sjøsetjing og parkering. Påmelding på kaien før start. Startkontingenten blir i år kr 100 for kvar deltakar. Me startar roturen frå Årbakka kl 1830.

Frå start, ror me mest mogeleg samla INNAFOR holmane mot Vattedal.

Turen til Flakkavåg tar om lag 3.5 timar. Deltakarane følger BAK leiarbåtane (markerte med Forbundet Kysten sin logo). Som vanleg tek me pause i Sæloysundet for å kvila og venta på eventuelle etternolarar. Frå Sæloysund til butikken på i Flakkavåg, ror me i fritt tempo. Butikken er open for handel og sal av ertersuppe. Teltinga skjer like bak, og ovanfor butikken. Det er også høve til å overnatta på golvet i forsamlingshuset "Vodlatun". Det er ca 500 m å gå mot nord.

LAURDAG morgon er det purring kl 0600.

Kl 0700, samlast me i båt midt ut på vågen for å synja "Millom bakkar og berg" for me startar. Første stopp er som vanleg Neshavn etter ca 2,5 timar. Her blir det seld brus, kaffi, vaflar og mjølkelappar. Etter en times tid, ror me vidare til Marøya i

Bårdsund. Det blir seld suppe og brus på Marøya.

Pausen varer ca 1 time.

Etter ei ny ro-økt på 2 timar, stoppar me i Teiglandsvågen. Her gjer me oss tid til å ro i kortesje inn til Våge. D.v.s. dei største båtane først og dei minste sist. Me kjem til Våge mellom kl 1600 og 1630. Avreise frå Våge etter eige ynskje. På Godøysund er det ny pause for dei som vil. Turen frå Våge til Solstråleøya tar ca 1 time, så la ikkje årane kvile for lenge. Frå

Godøysund til Solstråleøya tar turen ca 10 min. Her slår me leir og gjer oss klare til kveldens sosiale samvær. Programmet tar til kl 2100 på Kaien Det blir utdeling av plakettar til dei som i år har 10 gonger rundt Tysnes, samt allsang og underhaldning frå alle som har noko å bidra med. I år har vi større kapasitet for overnatting i Naustet.

NB! Pass på at ingen slår opp telt på kaiområdet og på konsertplassen. Dei som treng nattero, må slå seg ned mot Godøysund. Dei som vil vera oppe litt lengre, må halda seg i bålområdet (på austsida av øya) for ikkje å uroa dei som vil sova.

SONDAG morgon er det purring kl 0800 med avreise kl 0900. Me ror tilbake til Godøysund, for å få med oss idyllen i Småsunda.

Etter å ha passert Lukksund, tek me 1 times pause i Stussvik.

Me planlegg å vera attende til Årbakka ca kl 1500. Me ror i kortesje inn til Årbakka, slik som til Våge.

På Årbakka er det utdeling av diplom og suvenirarar til alle påmelde.

Ved mykje motvind i Langenuen, vil me vurdere sleping. Då er det viktig at kvar båt festar fangelina si til slepetauet og set seg i baksken med ei åre og freistar å styre båten.


Dette treng du på turen: I tillegg til mat og vanleg friluftsutstyr, er flytevest påbudt. Det er godt med noko mjukt å sitja på, sportstape, ullhanskar, gnagsårplaster, sinalsve og rikeleg med drikkevatn!!!

Viktige telefonar:

Magne Fauskanger: 90059140

Dobåten: Gunnar Onarheim
41633806

HA EIN GOD TUR!



Invitasjon til Hordakysttreff i Bergen 11-13 juni 2010

Arrangør: Bergen Kystlag i samarbeid med Hordaland Fylkeskystlag

Hordakyst-treffet i Bergen i 2010 blir et uhytidelig møte mellom by og land. Hit inviteres alle de lokale kystlagene i Hordaland. 12. juni er Kystens dag i Norge og Torgdag i Bergen. Vi har funnet det naturlig å legge Hordakyst-treffet til denne helgen, og vi satser på at vår deltakelse skal sette sitt tydelige preg på Torgdagen 2010, i forståelse og samarbeid med styret for Torgdagen.

Kystkultursenteret i Sandviken blir base for treffet. Her blir det samling før og etter besøket på Torgdagen. Alle kystlagene som har mulighet må ta med seg sine tradisjonsfartøyer og sine tradisjonsprodukter til Torgdagen, der vi også stiller i tradisjonell klesdrakt.

Roing med tradisjonsbåter

2010 er som kjent starten på Forbundet KYSTENs rokampanje, "Ta din åre fatt!". I århundrer var robåten det selvsagte framkomstmiddelet ved kysten og i fjordene. Det heter seg at nordmenn er født med ski på beina. For kyst- og fjordbefolkningen er det riktigere å si at nordmenn er født med årer i hendene. For 100 år siden var det å sette seg i robåten når man skulle noe sted, like naturlig som å sette




Foto: Egil Sunde

seg i bilen i dag. I vår generasjon har bilen og landeveien overtatt robåtens og sjøens roller som transportmiddel og transportåre. På sjøen har stadig større og flottere motoriserte fritidsbåter overtatt etter robåten, og roing er blitt en aktivitet for spesielt interesserte. Vårt utgangspunkt er at roing er tradisjon, roing er sunt for kropp og sjel, roing betyr fellesskap og naturopplevelse.

Hordakyst-treffet er utpekt til ett av Forbundet KYSTENs knutepunktsarrangementer for årets rokampanje. Dette markerer vi ved at flest mulig av oss ankommer Vågen roende!

Kystlagene og båtene samles ved Kystkultursenteret i Sandviken fredag ettermiddag. Lørdag morgen starter dagen med ro-kortesje fra Sandviken og innover Vågen i tradisjons-

og bruksbåter. Det blir en tevling der hvert kystlag stiller med sine fineste båter og sine beste roere.

Det ser ut til at selve torget i år vil bære preg av byggingen av det nye torgbygget. Derfor kommer tyngdepunktet for Torgdagen til å ligge på bryggesiden, hvor det er avsatt plass til våre båter i Bradbenkhopen.

Imidlertid satser vi på en opptreden begrenset til roing til Vågsbunnen, og deretter defilering foran scenen ved Bradbenken. Her vil den enkelte båt bli presentert. Det blir konkurranse om fineste båt, beste mannskaps antrekk og beste helhetsinntrykk båt/mannskap.

Etter defileringen ror vi tilbake til Sandviken. På veien samles vi på Sandviksflaket der det blir konsert fra sognejekten "Den gode hensigt".

Samvær i Kystkultursenteret

Tilbake i Kystkultursenteret vil vi ha en mest mulig samlet mønstring, med smaking og salg av tradisjonell kystmat, og salg av andre tradisjonsvarer fra kysten. Herfra blir det også anledning for interesserte å bli med på en rotur, og det blir organisert mulighet for barn og voksne til å trene til – eller å ta Roknappen.

Det legges også opp til hyggelig samvær mellom

bymann og stril i Kystkultursenteret, med sang og musikk, samtale, og mulighet for en svingom. Vi ber om at flest mulig tar med seg musikkinstrumenter.

Vi satser på å ha motorbåter som går i skytteltrafikk med passasjerer mellom Bradbenken og Sandviken. Det blir også mulighet til å reise til Sandviken om kvelden i en av fjordabåtene "Granvin" eller "Atløy", som legger seg til i Kystkultursenteret for kvelden og natten. Det blir fest for

kystlagsfolk og interesserte innendørs og utendørs i senteret om kvelden. Kveldens hovearrangement for kystfolket blir festmiddag i Bergen Kystlag sitt klubblokale (påmelding).

Treffet avsluttes søndag formiddag med utendørs gudstjeneste.

Hele arrangementet er sammenfattet i programmet nedenfor. Godvær er en selvfølge, men skulle dette svikte, har vi gode innendørs alternativer.

Program for Hordakyst-treffet i Bergen 11.-13. juni 2010

Fredag ettermiddag og kveld:

- Fartøyer og deltakere fra de ulike kystlagene ankommer Sandviken
- Grilling på Tangen, folk har med seg egen grillmat
- Åpen kafé/pub i første etg. i bod 16. Salg av forfriskninger og enkel mat
- Spill og dans innen- og utendørs på myldreområdet foran bod 16. Deltakerne blir bedt om å ta med seg egne instrumenter
- Overnatting på flatseng i bodene og/eller i egne båter.

Lørdag:

- 0730: Frokost. Kaffé og speilegg osv. i kafeen
- 0930: Åpning av Kystkulturtreffet. Utror til Vågsbunnen. Kortese med "Enigheten" i spissen.
- 1000: Vi starter rokortesjen til Vågen med "Enigheten" i spissen.

- 1200-1230 Defilering foran bradbenken og retur til Sandviksflaket i kortese
- 1300. Konsert på Sandviksflaket.
- 1330. Lunch serveres i kafeen i Sandviksboder 16
- 1430: Familieroing, roing for barn. "Trygg i tradisjonsbåt". "Roknappen". Marked, samtale, spill og dans.
- Kl. 2000: Festmiddag i Bergen Kystlags lokaler i 3. etg. i bod nr. 16. Forhåndspåmelding. Premieutdeling for beste båt, best antrukne mannskap og beste helhetsinntrykk båt/mannskap. Underholdning, historiefortelling, sang, musikk, dans v/de ulike Kystlagene
- "Granvin" og "Atløy" kommer til Sandviken etter Torgdagen. Fest og dans fortsetter om bord.

Søndag morgen og formiddag:

- 0900: Frokost i kafeen
- 1100: Gudstjeneste på Tangen. Sognepresten i Sandviken blir rodd inn med "Enigheten"
- 1200: Opplesning fra Fredrik Melzers dagbok "Ferden til Eidsvoll i 1814". Rekonstruksjon av starten, "Enigheten" ror ut.
- 1300: Avslutning

Vel møtt, og hjertelig velkommen!

Hilsen Arrangementskomiteen

Kontaktpersoner:

Vilhelm Bjerknes, 456 18 208, bjerknes.v@gmail.com

Jonatan Krzywinski, 41338726, jonatankrzywinski@gmail.com

Astrid Sirnes, 926 57 517, asirnes@yahoo.no

Oldefarbåten skal heim

Det kom ein tysnesing roande inn Sør fjorden ein dag i 1906. Han hadde fått seg god jobb, skulle vera med å byggja ny fabrikk i Odda. Båten han rodde på var nok eldst av dei to, den hadde runda 52 år, men var sprek og rask som få.

populære i Sør fjorden på den tida. Ein gong var han deltakar i kapproing med gastane til Keisar Wilhelm II på "Hohenzollern" – og slo dei med ei båtlengd.

med arbeidsfolk mellom Odda og Rubbestadneset.

Jon blei gamal, båten blei gamal, og i 1937 var han sett i eit naust. Barnebarnet til Jon Digranes, Tore Digranes, arva båten frå bestefaren og tok han med til Husnes i Kvinnherad. Her byrja så endå eit nytt liv. Atter ein gong kunne han heisa segl på Onarheimsfjorden, og han blei rodd på av både vaksne og born, slik som på biletet frå 1974 viser. Han var no 120 år, men kjende seg sprek og glad.

Til musèum i Tananger

Alle veit frå Bibelsoga at Adam vart ikkje verande i Paradis all si tid. Såleis òg med båten. Tore kjøpte ny motorbåt, og det var ikkje plass i naustet – båten måtte ut! Tore tykte synd på denne gamle slitaren som hadde gjeve han og familien så mykje glede og sørge for aldersheimplass for han hjå Kystkultursamlinga på Tananger, ikkje langt frå Stavanger. Her la han ein marsdag i 1989 inn årane, vart dregen opp i eit av Melingnausta og stod og stura der i mange år.

Oppdaga av utvandra tysnesing

Ti år etterpå går ein utvandra tysnesing og trør i nausta på Tananger. Forfedrane hans hadde vore båtbyggjarar i uminnelege tider. Han var første generasjon som hadde valt anna yrke. Han kjende på sjølukta og kikka på gamle trebåtar som låg rundt i



Kalvavikjo og båtnaustet. Naustet sette Engel Olsen Hovland opp i byrjinga av 1850-åra. Her vart oldefarbåten bygd i 1854.

Tysnesingen drog etter ei tid attende til heimstaden, men båten vart verande i Odda og starta eit nytt liv der.

"Spise kirsebær med de store" stod det i sogeboka mi frå skuletida om slike ting.

Vinterfiske i Åkrafjorden

Etter ein del år vart båten seld til Jon Digranes og måtte no freista ei mykje hardare tid med blant anna fising i Åkrafjorden. Vegen var lang, men båten var ein skarpsiglar – det hjelpste på. Hovde deg seg slik, fekk han også slep av Opedals-skøyter som gjekk

Før han drog frå Tysnes hadde han vore ein viktig og seriøs støttespelar for tysnesingane på Onarheims-sida der han hadde vore både dokterskyssbåt og kjørkjebåt. I Odda endra livet seg. Han var ikkje lenger ein seriøs slitar, men ivrig deltakar i dei mange kapproingane som var

nausta. Dei var helst klumpne i forma, likna ikkje på dei smekre båtane som faren hadde laga i naustet heime på Tysnes. Han opnar dørene inn til det siste av nausta ute på neset, og der står Båten....!

Kjende att båtstevna og stafferinga

Denne kjem frå naustet heime i Kalvavikjo på Tysnes, tenkte John Arne Skjellevik, namnet på denne utvandra tysnesingen. Skapet på båten, utforminga av stevner og ikkje minst merka etter staffhovelen som oldefaren hadde smidd tenner til heime i smia fortalde sitt tydelege språk.

John Arne greidde å rekkja opp historien til båten, og han hadde rett. Seksæringen var bygd av oldefaren, Engel Olsen Hovland i 1854.

Båten var i god stand, og mykje av den originale heimesmidde saumen var framleis på plass. John Arne fekk låna båten heim att til Kalvavikjo der den vart rodd av båtbyggjaren sine etterkomarar i "Tysnes rundt" 2000.

Attende i Melingnaustet

Sommaren tok ende og båten måtte attende på aldersheimen i Melingnaustet på Tananger, endå meir sturen enn før. Han hadde for ei kort tid fått vera til for nokon, ikkje berre stå vekkgøymd i eit naust.

Bar på ein draum

John Arne har passert 60 år. Han har budd i Stavanger i 37 av desse. Heile tida har han bore på ein draum om å ro frå Stavanger til Kalvavikjo på Tysnes. Han er oppvaksen i bakskuten i ein robåt og likar godt å ro, men ber òg på ei historie som er fortald om



Seksæringen frå 1854 er framleis i god stand. Her er han på tur i Husnesfjorden i 1974

oldefar Engel og den gongen han rodde til Stavanger.

Ein gong hadde Engel bygd ferdig 4 færingar, men hadde ikkje kjøparar. Han tok så ut noko av innveden i to av dei, sette 3 oppi kvarandre og slepte desse avgarde med seg sjolv ved årane i den fjerde. Det må ha vore litt av eit slit, for første kvelden kom han berre fram til Hugla-nestet. Men dette skremde ikkje. Han heldt fram sørover og fekk selt den første færingen i Haugesund. Først i Stavanger vart han av med den siste.

Oldefarbåten skal heim att

No er tida komen! Oldefarbåten skal heim. Saman med gode kollegaer og vener i Stavanger og Bergen skal John Arne ro frå hytta si på Randøy i Ryfylke til Kalvavikjo på Tysnes. Oldefarbåten får følgje av ein bestefarbat, bygd av Ole Skjælevik – ein av Engel sine søner – og ein båt soneson Jørgen Skjellevik – far til John Arne – har bygd. Ut over det vert det med ein Oselvarar på turen.

Over Dragseidet til Ålfjorden

Turen går frå Randøy via Sjernarøyane, inn Skjoldafjorden til Skjoldavik/Isvik der lokale krefter skal syta for drag over det gamle Dragseidet mellom Isvik og Haraldseidvågen. Det skal skje på gamalt vis – slik små og store båtar har blitt dregne der heilt frå Harald Hårfagre si tid.

Til Halsnøy Kloster

Etter å ha kome på sjø på nordsida går turen ut Ålfjorden, over til Borgundøy og til Halsnøy Kloster. Dette høver med den årvisse Klosterdagen, og ved bryggja der kjem båtar og roarar til å bli mottekne av deltakarane ved arrangementet.

Her går så roarane i kloster ei tid. Dei får med seg ein konsert i klosterstova om kvelden, og dei er lova gratis kost og losji slik langfarande ferdafolk alltid vart mottekne i tidlegare tider.



Heimelaga verktøy i Kalvavik-naustet

Heim til Kalvavikjo

Etter frukost og smørjing av niste vert festa på båtane løyste att, og siste etappen – heim til Kalvavikjo – er i gong. Komne til Laukhamarsundet ber det framom den fløgbratte Kjerringerævo, Skjepavikjo og Skolten før Kvitesalsneset vert runda – og Kalvavik-naustet kjem til syne.

Og dermed er Oldefarbåten straks heime att – ved naustet der den for 156 år sidan vart til under sproebjelken til båtbyggjaren – Engel Olsen Hovland.

Ny aldersheim

På Tysnes får Oldefarbåten ein ny aldersheimplass, ein stad han slepp å stå og stura åleine. Livssyklusen er slutta.

Båten er attende og vil vinterstid liggja trygt i eit naust ikkje langt unna naustet han i sin ungdom hadde tilhald.

Og med jamne mellomrom skal "oldingen" ha seg ein tur på Onarheimsfjorden – kanskje òg nokre nye turar i "Tysnes Rundt".

Første turen blir Olsok 2010 då han skal brukast som kjørkjebåt for presten ved gudstjeneste i Onarheimskyrkja.

Båtbyggjaren


Engel Olsen kom til verda 25. november 1811 og var odelsgut på Hovland på austsida av Tysnes, men han let broren Ole overta garden. I

yngre år hadde han bygd jekter, både åleine og saman med andre. Før han gifte seg, bygde han i 1845 jekta "Den gode hensikt" heime på Hovland, året etter "Fortuna" på Bjelland i Skånevik og "De trende Brødre" på Hovland. I tillegg til fartøybygginga dreiv han som smed og smidde mykje hestasko. Handverket, både med båtar og smieavl, hadde han lært av far sin.

I 1849 var Engel forlova med Brithe Kristoffersdtr. Nesthus, og han måtte finna ein stad å setja bu. Valet vart altså Kalvavikjo – eit utmarkstykke under hovedbruket Skjellevik. Bygsleseddel vart oppretta i 1850, og same året gifta Brithe og Engel seg og gjekk i gong med bureising. Dei bygde hus, løy og naust, rudde jord og sådde.

At Engel busette seg så langt heimanfrå, hadde truleg med det å gjera at slektningen og granneguten heime på Hovland, Torjels Torjelsen Hovland (Storebakkjen) hadde slege seg ned i Hetlelid – ein grannegard ute i Skjelleviksundet.

Strando i Kalvavikjo var veleigna for jektebygging, men ingen kjøl vart strekt til slike fartøy her. Men han vart vida kjend for færingane og storebåtane sine. Det er mykje



Litt av båtverktøyet etter Engel Olsen Hovland. Frå venstre eit naglasnitt, ein skrørar (til forsenking av naglane) og ein okshøvel. Fremst ein staffhøvel – ein liten høvel som vart brukt til staffering av æsingane.

strandebarmar i desse båtane; ikkje så merkeleg ettersom farsfolket kom nettopp frå Strandebarm.

Sørgjeleg lagnad

Engel og Brithe fekk fem born, Jorinde, Ole, Mette, Abel Katrine og Kristoffer. Jorinde budde lenge på Nordstolen på Tornes saman med mannen, Kristoffer Johannesen Hetlelid. Som enkja kom ho på sine eldre dagar heim att til Kalvavikjo. Abel Katrine døydde berre 5 dagar gammal. Mette og Kristoffer reiste til Amerika og kom aldri att.

Sjolv fekk Engel ein ulukkeleg ende. Han vart leprasjuk om lag 50 år gamal og måtte frå 1871 halda til på Pleiestiftelsen, spedalsksjukehuset i Bergen, der han døydde 5 år seinare. I sykejournalen på Pleiestiftelsen står å lesa at han hadde to søskenborn med same sjukdomen. Ettersom inkubasjonstida på denne nifse

sjukdomen kunne vera fleire år, er det rimeleg å tru at han kanskje hadde smitten i seg allereie då han og Brithe hadde bryllupsfest.

Engel var altså berre om lag 20 år i Kalvavikjo, og hadde såleis ikkje hatt lange tida på seg til å setja ned dei minnesmerka som er att etter han.

Brithe overlevde mannen med 12 år. Ho døydde i 1888.

Unike brev

Breva han skreiv heim frå pleiestiftelsen vart tekne vare på – dei er til framleis. Og så viser dei seg å vera unike – dei einaste private pasientbrev frå pleiestiftelsen ein kjenner til. Dermed ligg det no kopi av desse breva saman med salmeboka hans på skrivepulten til Gerhard Armauer Hansen på kontoret hans på Pleiestiftelsen.

Breva skal òg attende til Kalvavikjo. Når seksæringen han bygde der kjem heim att til bryggja, skal dei liggja til

stas i naustet hans.


På dette viset gjev me oldebesten vår ei foreløpig siste ære!

Takk til Tysnes Kystlag

Me vil takka Tysnes Kystlag for deira medverking i å få saksæringen heim att. Utan deira innsats hadde neppe prosjektet kome i hamn. Medlemer i kystlaget har òg sytt for at båten vert rodd med tre par nye årar – årar som er spesiallaga for akkurat denne båten.

John Arne Skjellevik (om Oldefarbåten)

Olav Skjellevik (om båtbyggjaren og lagnaden hans)



Pleiestiftelsen for spedalske N^o 1 og Assistentkirkegården i 1860-åra.

Brenn for fjordkulturen

Diana Ekren fekk kyst- og båtkultur inn med morsmjølka. No er den driftige dama engasjert i arbeidet med Sognebåten og fjordlandskapet.

Tidligere i vår inviterte Indre Sogn Kystlag til utstilling og «halshogging» av sognebåt på storsenteret i Sogndal, og mange møtte fram for å få eit lite innblikk i dei gamle båttradisjonane våre og ikkje minst få sjå båtbyggjar Jon Jacobs i praktisk arbeid med ein flunkande ny båt.

Kystmiljø

Ei av dei som verkeleg brenn for arbeidet til Indre Sogn Kystlag er Diana Ekren. Ho er oppvaksen i kystmiljø på Sotra, men etter landbruksutdanning i Aurland og fleire år i storbyen, satsar ho no på utdanning innan landskap på hogskulen. Både ho og sonen Mathias (12) er engasjert i kystlaget. No etterlyser ho fleire unge med interesse for kulturminnevern.

– Det er utruleg kjekt å engasjera seg i dette arbeidet. Ein får masse ny kunnskap, samstundes som ein er med på å bringa dei urgamle fjordtradisjonane våre vidare til nye generasjonar. Dette er eit arbeid eg lett let meg engasjera i, smiler Diana, som har flytta til Sogndal for å studera i minst to år til. Til sommaren skal ho vera med å ro gamle sognebåtar på fjorden, særleg gjennom prosjektet Kystled Nærøy-



fjord. Dette prosjektet tek sikte på å gje turistar og fastbuande ein moglegheit til å oppleve nærleiken til fjordlandskapet gjennom å ro sognebåtar under tusen meter høge fjell.

Lærerikt

Ho trur og at det etter kvart vil vera fleire studentar som vil engasjera seg i arbeidet til Indre Sogn Kystlag.

– Å vera med i slikt arbeid trur eg er lærerikt, både for dei som utdannar seg innan naturfag som til dømes landskap, og dei som til dømes utdannar seg innan reiseliv. Eg meiner jo at det er eit nært tilhøve mellom vern og bruk av fjordkulturen og berekraftig reiseliv, seier Diana.

Ho og dei mange andre som hadde møtt fram for å sjå båtbyggjaren Jon Jacobs i aksjon på Sogningen Storsenter laurdag, fekk i alle høve sjå kulturminnearbeid på nært hald. Jon hadde teke med seg ein solid stamme, som vart målt og hogd etter alle kunstens reglar.

På fagspråket vert dette kalla «halshogging» – og truleg er

det slik fram – og akterborda på sognebåtane har vore laga i uminnelege tider.

Sterke båtar

– Der som eg kjem frå på Sotra er båttradisjonen knytt til oselvar, sognebåten har ein heilt anna konstruksjon. Ein skal ikkje gløyma at sognebåten var det framkomstmiddelet ein hadde langs veglause fjordar. Dei måtte tola mykje, jamvel både krøtter og poteter, smiler engasjerte Diana.

Av Geir Bjarte Hjetland

Har tidligere vært trykt i Sogn Avis

Hogger hals og bygger sognebåt

Sognebåten var for 100 år sidan å rekne som ein gardsredskap. Nå ligg den helst bortgøymd og gløymd i mange gamle hus og naust. Derfor er det så viktig å ta vare på tradisjonane med det gamle handverket, byggemetoden og bruken av sognebåten.



Foto: Marny Tønnesen



Foto: Geir Bjarte Hjetland

Og på utstillinga om sognebåten tidligere i vår ville Indre Sogn Kystlag synleggjere noe av denne tradisjonen. Derfor var også båtbygger Jon Jacobs frå Engøyholmen på plass for å vise den gamle byggemetoden "hogging av hals" til sognebåten. Dette er ein heilt unik måte å bygge på for å gjere båten slitesterk og sikker i sjøen.

Jon Jacobs er ein ung og lovande billedkunstnar og båtbygger, som har lært seg båtbyggertradisjonen etter dei eldste metodane frå Sogn. Dette er ein arv tilbake til 1700-talet, og det er så viktig at somme tek tradisjonen vidare. Det skjer blant anna ved at Indre Sogn Kystlag har engasjert Jon Jacobs til å bygge båtar på Kaupanger dei kommande månadane. Båtane skal brukast til rekreasjon og fysisk aktivitet med roing og sigling med råsegl i tida framover.

Hordaland Kystled - Åreskiftstasjonar i kystlaga

Fleire av lokallaga i Hordaland har tilbod om overnatting og hjå nokre av dei kan du også leige robåt. Reis på oppdagelse i vårt eige fylke, her er mange flotte perler å utforske. Og å feriere ein dag eller to eller mange ved kysten vår gjer godt for kropp og sjel.

Aktuelle nettstader:
www.kystled.no,
www.nordsjoloypa.ivist.no/

Krambua i Sagvågen, Stord

Ei triveleg lita restaurert krambu på kaien i den lune hamna i Sagvågen. Krambua var oppført i 1908. Kjøkken og motelokaler, samt dusj og

toalett i første etasje. Soverom i andre etasje. Gjestebåtplass for medlemmer i Forbundet Kysten.

Overnatting kr. 100,-pp/ per natt

Kontakt: Sagvågen kystlag
v/Målfrid Almås –
Tlf 5349 4470 / 970 81 269



Mølno i Vestre Vinnesvågen, Austevoll

Ei restaurert mølle med enkel standard. Køysenger. Sandstrand og teltplass ved sida mølla. Båtplass til mindre båtar. Kalsundholmane Friluftsområde med bade plass og båthavn i nærområdet. Turloyper rundt Vinnesvatn og til Vetten. Nordsjøløype på Stolmen og Huftarøy. Kontakt: Austevoll Kyst- og sogelag v/Svein Midtøy tlf. 950 86 856

Kystentunet på Eikeland, Sveio

Tidlegare barneskule bygd i 1915, som kystlaget har restaurert. Skulen ligg like ved Auklandshamn. Overnatting på sofaer i stover i andre etasje. Kjøkken og toalett tilgjengelig. Kystlaget har laga kystkulturmuseum i kjellaren, og ellers motormuseum og båthallar i ander bygningar på skuleplassen.

Det er omlag 20 km til Ryvarden Fyr frå Kystentunet. Mulighet for å leige robåt.

Overnatting kr. 100,- pp/pr natt.

Kontakt: Sveio kystlag v/Terje Lier tlf. 908 37 477

Solstråleøya, Tysnes

Øya der ein ærverdig engelskmann slo seg ned i 1889 og bygde seg eit lite slott, for så å forsvinna lika brått fjorten år seinare. No meir kjent som stoppestad den siste natta på "Tysnes Rundt". Her har kystlaget bygd eit grindabygg-naust der ein kan overnatte. Ved kaien er det bord, benker og grill. Det er nødvendig å ha med liggeunderlag og sovepose. Det er mulighet for landstraum for båtar som treng det.

Kontakt: Tysnes kystlag v/Magne Fauskanger. Tlf. 900 59 140

Aktivitetskalender

5-6. juni	Hopetreff/ Raunefjordseglasen. Hope Trebåtlag
9-10. juni	Rokampanje, Sogn og Fjordane
11-13. juni	Hordatreff, Sandviken. Bergen Kystlag
18 - 20. juni	Hardanger Båtfestival, Norheimsund www.trebat.no
25-28. juni	Stordfest, Leirvik www.stordfest.no
10. juli	Tysnesfest på Våge www.tysnesfest.no
15-18. juli	Forbundet Kystens landsstevne, Gratangen i Troms
16-18. juli	Tysnes Rundt
14. aug-19. sept	Kystsogevøkene www.kystsogevøkene.no
19-22. aug	Havnedagene i Haugesund www.havnedagene.no
28. august	Vervadag, Sagvågen

510974
Stiftinga Kystsogeveka
PB 7900
5020 BERGEN

B

Porto
betalt

ÅREBLAD:

Organ for Hordaland Fylkeskystlag
og lokallaga i Hordaland av
Forbundet KYSTEN

HORDALAND FYLKESKYSTLAG:

Leiar: Anne Margrete Rødsand,
Keipane Kystlag
Lonerønen 29 A, 5918 Frekhaug
annero@waldebyggevaere.no
Tlf. 55012543 / 47329026

Nestleiar: Camilla Blikstad,
Bergen Kystlag
Flatøyvegen 222, 5918 Frekhaug
ester.blikstad@fof.uib.no
Tlf. 93255783

Styremedlemmer:

Ingunn Vardøy,
Hope Trebåtlag
Pb. 85, 5371 Skogsvåg
sangvard@online.no
Tlf. 56337496 / 97110288
Målfrid Almås, Sagvågen Kystlag
Grunnavågsveien 24, 5410 Sagvåg
Tlf. 53494470 / 97081269
Reidar Kausland, Fjell Kystlag
Vætestov. 60, 5357 Fjell
Tlf. 56333480 / 92056318
Asle Tindeland, Kystlaget Romsa
Klosssteinveien 10, 4250 Kopervik
er-tinde@online.no
Tlf. 52855673 / 92660836

Varamedlemmer:

Magne Fauskanger, Tysnes Kystlag
Nyborg, 5694 Onarheim
magne@fauskanger.org
Tlf. 53434134 / 90059140
John Olav Andreassen, Askøy Kystlag
Øvre Kleppe-vegen 130,
5300 Kleppeto
joandre@broadpark.no
Tlf. 90078448
Helene Ohm, Kystlaget Romsa
5582 Olensvåg
helene.ohm@c2i.net
Tlf. 91302123

Kasserer:

Helene Ohm, Kystlaget Romsa

Revisor:

Olav Kvitastein

LOKALLAGA I HORDALAND:

Askøy Kystlag,

Pb. 94, 5318 Strusshamn

Leiar: Aksel Monsen,
mu09@online.no

Tlf. 56145646 / 90796698

Austevoll Kyst- og Sogelag,

Husavik, 5396 Vestre Vinnesvåg

Leiar: Helge Skår,

helge-skaar@hotmail.com

Tlf. 56180078 / 90602864

Bergen Kystlag,

Pb. 37, Måseskjæret, 5035 Bergen

Leiar: Eva von Hirsch

bergen.kystlag@gmail.com

Tlf. 99875623

Bømlo Kystlag,

Sollia 65B, 5420 Rubbestadneset

Leiar: Kjell Erling Digernes,

kedigernes@sikje.no

Tlf. 53425430 / 97523949

Fjell Kystlag, 5363 Ågotnes

Leiar: Svein Tore Solsvik,

Svein.t.solsvik@c2i.net

ssolsv@broadpark.no

Tlf. 56387323 / 41690015

Hope Trebåtlag, 5382 Skogsvåg

Leiar: Siren Sangolt,

siren.sangolt@domstol.no

Tlf. 97686479

Holsnøy Kystlag,

Kaarbovågen, 5917 Rossland

Leiar: Jegvan Kaarbo,

jegvan.kaarbo@dofsubsea.com

Tlf. 91148103

Kvinnherad Kystlag,

Furenesvn.34

5450 Sunde i Sunnhordland

Leiar: Jan Steinsland,

jan.magne.steinsland@kvinnherad.kommune.no

Tlf. 53471536 / 41682172

Kystlaget Romsa,

Pb. 20, 5588 Ølen

Leiar: Terje Lunde,

terje@omega.no

Tlf. 98286812

Sagvågen Kystlag, 5410 Sagvåg

Leiar: Målfrid Almås

Tlf. 53494470 / 97081269

Sund Kystlag,

Pb. 119, 5373 Klokkevik

Leiar: Johannes Lidal,

johannes@lykkebu.com

Tlf. 56339565 / 99223733

Sveio Kystlag,

Stromoy, 5554 Valevåg

Leiar: Terje Lier,

kjersti-lier@c2i.net

Tlf. 53742331 / 90837477

Keipane Kystlag,

Ytre Sæbo, 5938 Sæbovågen

Leiar: Evy Bjørvi Dame,

evydame@broadpark.no

Tlf. 55227825 / 97423267

Tysnes Kystlag, 5694 Onarheim

Leiar: Leif Dagmund Øvrevåge

leif_ovrevage@hotmail.com

Tlf. 90620668

LOKALLAG I SOGN OG FJORDANE:

Indre Sogn Kystlag

Pb.62, 6852 Sogndal

Leiar: Marny Tønnesen,

marny.tonnesen@barlinn.no

Tlf. 97030828

Kystlaget Hornelen

Gloppestad, 6823 Sandane

Leiar: Svein Ove Ask

uredd@online.no

Tlf. 57867122 / 90040377

Lag tilknytt

Forbundet Kysten:

Trellevik Båtlag

Leiar: Øystein Trellevik,

oeysttre@online.no

Tlf. 56317904 / 92035874

PÅ FLYTTEFOT ???

Husk å sende melding om ny
adresse til mona@kysten.no
eller ring Forbundet KYSTEN på
Tlf. 22 42 42 82

*Så får du Åreblad og Kysten-blad
etter at du har flytta også!*